



Etne
kommune



Stadanalyse 2025 SKÅNEVIK SENTRUM

Rapport

Prosjekt: Stadanalyse av Skånevik Sentrum

Utarbeidd av: Kinga Katrine Błaszczewicz. Konsulent. Etne Kommune.

Tidsrom: Sommaren 2025



Innhald



- Stadanalyse
- Historie og Kulturmiljø
- Bluesbygda Skånevik
- Skånevik Sentrum
- Sosiale møteplassar og friluftsområde
- Bustadutbygging
- Utviklingspotensiale
 - Oppsummering

Kva er ein stadanalyse?

Ein stadanalyse går ut på å systematisere og kartlegge kunnskap om ein stad, med å forstå staden sin historie, nåverande situasjon og framtidige moglegheiter. Stadanalysen framstiller ein dokumentasjon av dette arbeidet i lys av staden sine kvalitetar, manglar og utviklingspotensiale som kan fungere som eit verktøy i framtidig utvikling og arbeid med reguleringsplanar.





Skånevik Sentrum sett frå Nordvest
Espen Mills (2009)

STADANALYSE

Denne stadanalysen har som føremål å kartlegge aktuelle kvalitetar og moglegheitsrom som kan opna opp for utvikling og endring i Skånevik. Stadanalysen er avgrensa til Skånevik sentrum og pregast av både kai, sjø, handel, serviceområde og grøntareal.

Analysen tar omsyn til og i betraktning ynskja mål og fokusområde frå gjeldande Planprogram for Skånevik (2025), samt informasjon og føringar frå dokumenta Folkehelseoversikta 2024-2028, Etne 2030 - vegen til 2040 og Planstrategi 2024-2028.

Analysen sitt føremål og oppbygging er to-delt: Først å sjå nærmare på korleis tettstaden fungerer i dag, kva er viktig og verdsett og kva som eventuelt skaper utfordringar. Innanfor dette kjem bygda si historie og utvikling og kva som har prega bygda sitt særpreg og kultur. Særleg tettstaden sine møteplassar og grøne rom skal framhevast og analyserast med tanke på deira viktigheit og verknad. Gode møteplassar og grøntareal kan ha stor innverknad for psykisk helse og livskvalitet, auka attraktivitet og for å skape ein møtestad for alle aldersgrupper. Dette er viktige punkter og utfordringar som både Folkehelseoversikta (2024-2028) og Planstrategi (2024-2028) framhevar og som kan vera grunnleggjande å utforske og analysere i forkant av vidare planlegging.

Denne stadanalysen skal ligge til grunn for ein aktualisert forståing som kunnskapsgrunnlag i vidare arbeid med å utvikle ein ny reguleringsplan for Skånevik Sentrum. Analysen vil synleggjera nokre moglege grep, men løysningane er ikkje avgrensa til dette.

Planprogram Områdeplan for Skånevik (2025)

MÅL

- Å utvikle eit sentrum som opprettheld god kontakt med natur- og kulturlandskapet rundt.
- Å ivareta og integrere stadens særpreg og kulturarv
- Å legge til rette for aktivitet og møteplassar for alle aldersgrupper.



Avgrensing Sentrumsområde

Aktuelle utfordringar frå kunnskapsgrunnlaget



Planstrategi 2024-2028

Bygger på de to påfølgande

Auka attraktivitet og bulyst

Demografiske endringar

Klimaendring og naturpåverknad



Etne 2030 - vegen mot 2040

Auka attraktivitet gjennom
investeringsbehov

Demografiske endringar

Uavhengigheit frå ekstrainntekter



Folkehelseoversikta 2024-2028

Sosial ulikskap i helse

Demografiske endringar

Psykisk helse og livskvalitet

Klimaendringar





HISTORIE OG KULTURMILJØ



Skånevik

Tettstad i Etne Kommune

Vestland Fylkeskommune


Innbyggjartal: 547 (2024)

Areal: 0,93 km²


Prega av landbruk, lokal næring
og tenesteyting

Ligg innst i Skånevikfjorden, ein
del av Hardangerfjorden, ved
innløpet til Åkrafjorden

Ferjesamband (Utåker og Matre)
og snøggbåtsamband (Stord og
Bergen)



Om staden



«Fra Skånevik», Lars Hertervig, 1855



Espen Mills (2009)



Ingebrigtsen, I.
KK-postkortsamlingen (1905-1960),
Universitetsbiblioteket i Bergen

Skånevik, også kalla «Sunnhordlands perle», kan sporast tilbake så langt som til 900-tallet då Skåneviksgardane vart brukt som samlingstad under skipreideordninga innført av Håkon den gode. Det var på 1700-talet at staden vaks fram grunna handel og gjestgjevarstad. På 1800-talet var Skåneviksverane nokon av dei fremste innan fartøysbygging med gode tilgangar til treverk frå lokale skogar.

Skåneviksbygda følte på ei stordomstid i åra 1885-1915 då Jacob Bull-Tornøe (1854-1915) introduserte radikale og nye idear frå kontinentet som løfta bygda sin infrastruktur, arbeidsmoglegheiter og generelle velstand. (Kulturhistorisk vegvisar Etne, 2001)

I nyare tid er Skånevik en tettstad på kring 547 innbyggjarar (2024). Sentrumsområdets utsjånad pregast av rikt og særprega kulturmiljø med gamle trehusbusetnadar i sveitserstil, samt ei rekke andre bygg med kulturhistorisk verdi. Den sosiale infrastrukturen omfattar alt frå barnehage, barneskule og ungdomsskule, utebasseng, idrettshall, aldersheim og eit lokalt bibliotek.

Skånevik hotell og ferjekai fungerer som eit knutepunkt i bygda, med butikkar og andre viktige funksjonar kring dette. Grunna tilkomst frå ferje og snøggbåt fungerer fylkesvegen gjennom Skånevik som ei hovudtrafikkåre både for lokale og gjennomreisande.

Den eksisterande busetnaden består av bustader, fritidshus, næringslokale og naust, hovudsakeleg i tre, med variasjon i bygningsform og byggestil.

Utfordringar



Demografiske endringar

Aukande eldrebefolkning som påverkar behovet for bustader, arbeidskraft og omsorg.

Fråflytting

Behovet for auka attraktivitet for nye tilflyttarar for å oppretthalda eit balansert samfunn.

Sosial ulikskap

Oppretthalde møteplassar for folk i alle aldrar. Tilrettelegging for bruk av natur og friluftsliv som arena for trivsel og helse.

Naturpåverknad


Bevare naturmangfald og sikre fungerande økosystem. Minimera inngrep med naturbevisste val.



Historie



Tidslinja presenterer dei viktigaste historiske hovudtrekka i utvikling av Skånevik etter år 1700. Skånevik var prega av stor utvikling på tidleg 1800-tallet med skipsindustri, bank og doktor. Tidleg 1900-tallet var prega av rikt marknad for handlande og handverkarar, samt skipsbyggeri og garveri som drev industrien og bygda. I nyare tid har det vekt fram ulike sosiale arrangement og festivalar som har hatt som føremål å styrke bygda si plassering og viktighet. Den nylege opninga av Sjøkanten Trivsel utandørs badebasseng var ei viktig markering for bygda då det vart bygd på dugnad og bidrag frå lokalmiljøet. Dette tydar på bygda sitt engasjement og pådrivarmot for å oppretthald liv bygda.






Skånevik Sentrum sett frå Sør
Espen Mills (2009)

Kulturminne

Sjølve Skånevik Sentrum har mange kultuhistoriske bygg og område som speglar fortida. Kartet illustrerer freda bygningar (kyrkja), automatisk freda kulturminne, bygg frå før 1900-talet og kulturminne. Herunder kulturminne slik som kyrkjegarden og delar av Skåno. Den gamle Hermetikkfabrikken er også særskilt framheve. Det er langs fylkesvegen at mesteparten av desse bygningane ligg, og visar tydeleg til fortida då mykje av handel og ferdsel fann stad langs vegen.

Desse kulturhistoriske bygningane pregar utsjånaden til sentrum, med kvite trehus i sveitserstil, gamle fabrikkbygg og butikkar som gir staden ein gamal tettstadkjensle. Særleg om sommaren får bygda ein kjensle av idyll og mange strøymar til bygda frå byane for ein meir roleg atmosfære. Staden si kulturhistoriske og gammaldagse særpreg kjem godt fram og blir værande ein attraksjon og verdsett del av Skånevik, for både besøkjande og lokale.



- Freda bygningar
- Meldeplikt i Kulturminnelovens §25
- SEFRAK-bygg ikkje omfatta av Kulturminneloven
- Ruin eller fjernet objekt
- Bygning
- Arkeologisk minne
- Teknisk/Industrielt minne

Visuelle historiske og kulturelle spor



Hermetikkfabrikken

Fabrikken vart starta opp av Christian Bjelland i 1908: King Oscar Sardinier. Sikra mange arbeidsplassar til lokale, særleg kvinner. Overtatt av Norway Foods i 1981. Siste produksjonsdag mars 2001.



Sveitservilla på Milja

Villa bygd i Sveitserstil i 1884, omringa av stort grønt areal som tydar på garden sin tidlegare velstand og plassering i bygda. På dåtida kom gartnarar frå utlandet opparbeide ein stor prydhage, sveitsisk gras og mange slags nyttevekstar.



Gjestgjevargarden

Gjestgjevaranlegg, også kalla «Tippehuset». Drevet av Morten Rosendahl frå 1785. Kjøpt av Christian Bjelland i 1908 og brukt som kvinneleg internat for arbeidarane ved hermetikkfabrikken. Stiftelsen Gjestgjevargarden skipa i 1979.



Milja gard

Den eldste garden i Skånevik. Garden har påverka og spelt ei sentral rolle i det sosiale, økonomiske og kulturelle miljøet i bygda. Garden vart overtatt av Jacob Bull-Tornøe i 1885 som førte med seg vidare endring og utvikling.



Spor av produksjonsmiljø

Område for tidlegare storproduksjon og transport av produkt. Tidlegare Sunnhordland mekanisk verkstad (SMV) sitt produktlokale. Aktuelt Norsk motormuseum og Skånevik Bygdemuseum.



Generasjonsdrevet bakeri

Larsen bakeri, etablert i 1888 er eit generasjonsdrive bakeri som i dag vert drive av femte generasjon.



Skånevik kyrkje

Skånevik kyrkje er ein langkyrkje bygd i 1900. Teikna av arkitekt Hartvig Sverdrup Eckhoff. Inneheld fleire viktige gjenstandar frå tidelegare kyrkjer: Altartavle (1704), «Pasons-Wiisere» maleri (1700-tallet), Bibel (1862) og to flankerande stolpar frå korskilje frå 1686.

Kyrkjegard og gravminne, med eldste gravminne datert tilbake til 1865. Kyrkja er listeført hos Riksantikvaren.



Kronstad Vertshus

Første hermetikkfabrikken i Skånevik var Skoneviks Preservering Compani A/S starta i 1891, men nedlagt etter få år grunna dårleg drift. Bygningen har sidan gjeve rom for meieri, bakeri, slaktarbutikk og skomakar. I dag er huset innreidd til leilegheitshotell og kan leiest av besøkjande.



Frihamnsenteret

Bygg frå 1909 i sveitserstil. Tidlegare romma butikk, bank og skomakar. Eigendomen bar frå gamalt av namnet Frihamn, men vart i 1985 «Frihamnsenteret»: senter for psykiatrisk behandlingsopphald. Etablert av spesialist i psykiatri Hans Olav Tungesvik.



Dei kvite trehusrekkene

Skånevik sitt sterke særpreg og visuelle kjenneteikn. Frihamnsenteret, Kronstad Vertshus, hermetikkfabrikken og Gjestgjevargarden i nærleik til kvarandre i same gate.



Doktorhagen

Viktig område for fellesskap og musikkinnslag på 2000-tallet. Musikkpaviljongen er reist av midlar frå bygdeengasjement og Lions Club i år 2000.



BLUESBYGDA
SKÅNEVIK



Bluesbygda Skånevik

Skånevik er for mange kjent som «Bluesbygda Skånevik».

Bluesfestivalen vart starta opp av Alf W. Christophersen i 1997 og som dei ti fyrste åra haldt fram utan offentleg støtte. Med opp mot 150 frivillige og internasjonale artistar vart Bluesfestivalen raskt ein ettertrakta besøksdestinasjon som alle måtte få med seg.

Kjente artistar som Gary Moore, Scorpions, Dum Dum boys, Alice Cooper, ZZTop, Def Lepard og Jeff Beck er nokre av dei verdskjende artistane som har besøkt bygda og skapt liv og rørsle. Musikklokalet House of Blues vart reist i ettertid av prosjektet «Bluesbygda Skånevik» og sikra moglegheitene for musikalske arrangement og møtestad heile året.

I 2006 ble prosjektet med namnet «Bluesbygda Skånevik» starta opp. Prosjektet var ein del av småsamfunnssatsinga til dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Målet var å auka tilflytting til bygda. Då prosjektet vart lansert var Skånevik Bluesfestival Vestlandet sin største bluesfestival, og hadde sidan 1997 lokka tusenvis av besøkjande til bygda.

Prosjektet sikta inn på å etablera ein «bluesprofil», både menneskjeleg og opplevings- og bygningsrelatert. Varigheita på prosjektet var tre år. Resultatet av prosjektet vart sett på som positivt med nokre tilflyttarar, fleire bedrifta og ein betre haldning til bygda og deira stoltheit.



Inngangen til House of Blues (2025)

Påverknaden på kulturmiljøet

Skånevik Bluesfestival vert sett på som eit av hovudarrangementa i kalenderåret for dei lokale innbyggjarane, og er ein heilårstematikk for folk flest. Arrangementet spelar ei viktig rolle for kulturmiljøet og skapar stor samankomst av menneskje. Både unge og gamle samlast for ei helg med live musikk og sosialt lag, der studentar og bortreiste kjem heim for å få med seg «årets Blues». Lokalmiljøet verkar stolte av å kunne ha eit slikt arrangement i sin tettstad. Oppblomstringa av fleire musikkfestivalar rundt om i landet dei siste åra skapar no ein bekymring for «bluesens» framtid, med minkande billettsal og sterkare konkurranse. Likevel kjempar lokalbefolkninga for å gjera festivalen mogleg gong på gong.



Seljaren av Brasilianske Cowboyhattar er klar for årets festival (2025)

«Resultantane er så gode at de vekker oppsikt, også i Oslo»

Liv Signe Navarsete (2012)

I 2012 vart Skånevik omtalt som eit «lysande eksempel» for kva som er mogleg å skape i ein lite småsamfunn av dåverande kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete. Her rosa ho eldsjelene som kjempar for at dette kunne bli mogleg og framheva at andre småsamfunn har noko å læra av Skånevik (Algerøy, 2012, nrk.no)


Skånevik bluesfestival er ein viktig del av Skånevik sin identitet og kultur, og peiker direkte til tettstaden sin dedikasjon og innsats for å skape ein møteplass og minner for livet. Sjølv om Skånevik er ein liten tettstad har den oppnådd landskjente suksessar.



Rigging til årets festival (2025)

SKÅNEVIK SENTRUM





© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

Sentrumsføremål

Skånevik Sentrum har i Planomtalen (2024) fått arealføremålet *Sentrumsføremål*, der sentrumsfunksjoner som forretning, kontor, bustad, offentlig og privat tenesteyting, samferdselanlegg, teknisk infrastruktur, gravlund, kjøpesenter, mfl inngår.

Plangrep:


- Samle reguleringsplanane i sentrumsområda under eit samla arealføremål for å legg ein til rette for ei vidareutvikling av sentrumsområda med felles føresegnar.
- Innanfor arealføremålet er det opna opp forfortetting med byggehøgda inntil 14,0 meter (4 etasjar) i Skånevik. Fortettinga krev reguleringsplan.
- Lagt inn føresegn som seier at nye tiltak skal leggjast til rette for godt dimensjonerte gate- og uterom, samt ta vare på eksisterande sentrumskvalitetar.
- Det er lagt inn ei føresegn som seier at det skal leggjast til rette for etablering av samanhengande fjordpromenade langs sjø.

Områdebeskriving – Nokre sentrale område og deira namn og plassering



Arealbruk

Skånevik Sentrum er prega av mykje bebygd areal som hovudsakeleg holdar seg til fleire bustadfelt. I denne framstillinga ser man tydeleg at kring sentrum er det store skogsfelt og område med dyrka jord. Dette speglar kunnskapen om at fleire driv med jordbruk i tettstaden og brukar eigna land til dette. Samferdsel og tilgangen til ulike delar av Skånevik skjer ved sentrale veglinjer som sikrar tilgang til ulike bustadfelt og gardar. Dei grønne lungene som ein ser i sentrumsområdet er Peparen, nedre delar av Dalheim, skogsholt bak Prestegardshuset (Eikehaugen) og Barnehageskogen.



- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Skog
- Ferskvatn
- Hav
- Bebygd
- Samferdsel

Framkommelegheit og viktige vegar

Skånevik Sentrum består av ein mengde vegar som skapar eit nettverk for framkommelegheit.


To fylkesvegar møtast ved ferjekaien, med Fylkesveg 548 (Skånevikvegen) frå aust - vegen over Håland via Europaveg 134. Denne vegen fortset over til Utåker med ferjesambandet Skånevik-Matre-Utåker.

Fylkesveg 5014 frå vest (Strondavegen), går også via Europaveg 134 frå Etnesjøen langs Nordstranda.

Fylkesvegane forgreinar seg til kommunale vegar som vidare dannar forbindelsar til private vegar. Dette sikrar tilgang til bustadfelt, næring, tenesteyting, handel og rekreasjonsområde.

Fylkesvegane vert prega av mykje trafikk grunna ferjesambandet over til Matre-Utåker.

-  Fylkesvegar (Fv548 og Fv5014)
-  Kommunale vegar
-  Private vegar





Trafikk frå ferja (2025)



Fortau

Sentrumsområdet har eit fåtal fortau for mjuke trafikantar. Behovet for fleire fortau er stort. Det har dei siste åra kome fortau på vestsida av sentrumsområdet, opp mot idrettsbanen og vidare mot Ligrend.

Det er også fortau opp mot barnehage, skule og i bustadfeltet ved Prestalia.

Mangelen på fortau langs fylkesvegen frå og med omsorgsheimen til SPAR skapar farlege situasjonar for både vaksne og barn. Ynskje om ei miljøgata har vært tatt opp i lang tid, og er no endeleg starta opp som eit forprosjekt hjå Vestland fylkeskommune for vidare innarbeiding i reguleringsplan. (Meir om aktuell status, sjå «Miljøgata», s. 68).

 Einsidig fortau



Gå-avstandar


Skånevik Sentrum vert prega av korte gå-avstandar til det meste. Illustrert til venstre er ulike gå-avstandar i tidsrom mellom 5-15 minuttar frå matbutikken SPAR.

Kjernen av Sentrum kjem innanfor tidsrommet på 5 minuttar: her med butikkar, bensinstasjon, ferjekai, skule, Larsen Bakeri, Legesenter og tannlege og Peparen.

Innanfor 10 minuttars gange kan ein nå omsorgsheimen, barnehagen, Knutsen Dørfabrikk, kyrkja og fritidsbustadfeltet på Skålnes.

Med 15 minuttar kan ein nå dei fleste områda innanfor plangrensa for ny områdeplan. Innanfor og utanfor dette er idrettshall og idrettsbane, Hagavik Badeplass, Discgolf banen og starten på Kjærleikstien frå begge endar.

- 5 minuttar
- 10 minuttar
- 15 minuttar




Bygningar

Skånevik sentrum vert prega av ulike bustadfelt som Ligrend, Skålnes, Prestalia og Åsheim. Bustadfeltene er spreidd med åkrar og ulike skogsholt mellom seg. Andre markante bygg er Skånevik skule (1), Knutsen dørfabrikk (2), Skånevik Fjordhotell (3), Idrettshallen (4) og gamle industribygg langs kaien (5). Dei fleste service- og handelsbygningane ligg langs fylkesvegen. Store verkstader og bygg- og anleggslokale er flytta ut av sentrum mot Leknestangen vest for sentrumskjerna.

Ei mengde bustadbygg i sentrumsområde, særleg på Skålnes, er fritidsbustader. Per 01.01.2024 var rundt 190 av 380 bygningar registrert som fritidsbustader eller heilårsbygg som nyttast som fritidsbustad i sentrumsområdet (i grunnkrinsa Skålnes og Berge).

 Bustadbygg

 Andre bygg



Tettbygde fritidsbustadområde

Av statistisk sentralbyrå er det Skålnes som er registrert som eit tettbygd område for fritidsbustader. Her er området gradert «Mellomstort», som vil seie opp mot 49 bustader.

Fleire fritidsbustader førekome rundt om og innanfor planområdet, men då ikkje som tettbygde område.

Små tettbusetnader av fritidsbustader førekome ved Leknesvik og Ytranen.

- Små
(5-24 fritidsbustader)
- Mellomstore
(25-49 fritidsbustader)




Parkeringar

Sentrumsområdet har ein mangel på offentlege parkeringsplassar, særleg under arrangement og festivalar må ein ut av sentrumsområdet for å finne ledige plassar.

Behovet for nye parkeringsplassar har vore etterspurt i fleire år, men det er utfordring med å finne ein stad utan å bygge ned grønstruktur. Det trengs sentrumsnære plassar som sikrar tilgangar til lokal næring, skule, handel, tenesteyting og område for sosialt samspel og rekreasjon. Ein rekke private parkeringsplassar sikrar tilgang for tilsette ved ulike organisasjonar og bedrifter, slik som Knutsen dørfabrikk, Krambua og Skånevik Fjordhotel.

Nokre område som ikkje er meint som parkering blir i dag likevel brukt som parkering. Desse områda * er blant anna den opne plassen ved gamleskulen ved kyrkja, asfalten foran Fjordkroa, samt ferjefil 10 som sjeldan blir aktivt brukt av ferjesambandet.



- Privat
- Offentleg
- Bubil/Camping parkering
- (*kunn under sommarfestivalar)



Skånevik Bobilcamp (2025)



1:5000 på A3 Kartlagt friluftsområde (venstre) og deira verdi (høgre). Naturbase kart. Miljødepartementet (2025)

- Nærturterreng*
- Leike- og rekreasjonsområde
- Strandsone m/ sjø og vassdrag
- Utfartsområde

Skånevik Sentrum har ulike typar registrerte friluftsområde: både nære turterreng og leike- og rekreasjonsområde, samt strandsone rangert i ulik grad av viktigheit i landssamanheng. Dette er kartlagde og registrerte område som kan gi et innblikk og forståing for kor mykje friluftssareal som er tilgjengeleg i sentrum og kvar dei ligg. Tilgangen til friluftsområda kan sette grenser for kven som brukar områda aktivt, og moglegheiter for kor mykje dei blir brukt. I følgje kartlagde friluftsområde må ein eit lite stykke ut av sentrum for å nå områda, utanom Peparen som ligg svært godt tilgjengeleg og som svært viktig. Kartlagde område og graden som lokalbefolkninga tar dei i bruk kan variere.


- Svært viktig
- Viktig
- Registrert
- Ikkje verdsett

*Nærturterreng: vegetasjonskledde område på meir enn 200 daa. Ofte innanfor ein avstand på 500 meter fra bustader, skular og barnehagar.

Verna område

Deler av Skåno er registrert som sjøfuglreservat, og har fått vernestatus grunna større hekkekoloniar av gråmåse i distriktet (1980). Området har restriksjonar for ferdsel i hekketida. Både den nordlege og sørlege delen av øya vert karakterisert som kulturbeite av beitande husdyr i sesong.

Det er ikkje registrert forstyrring av måsebestandane grunna beitedyra.



1:8000 på A3 Naturbase kart. Miljødepartementet (2025)

Verdsette naturtypar

Hole eiker

To hole eiker er registrert med verdien A (svært viktig) i nærleiken av Skånevik Skule.

Retningslinjer frå kommuneplanen sin arealdel:

Natur og biologisk mangfald

Hole eiker slik dei er definert i «Forskrifta om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova»* skal tas vare på.

Treet skal kunne ha tilstrekkeleg plass på eigendomen, på over og i bakken slik at treet sitt rotsystem og krone kan utvikla seg fritt. Inngrep, bygge – og anleggsverksemd bør ikkje førekomme.

Peparen

Peparholmen fekk i 2006 verdikategori Middels verdi eller viktig (B-verdi) grunna førekomsten av middelaldrande til eldre eik, samt funn av ein sårbar art knytta til eik: Korallkjuke.

- Svært stor verdi (Store gamle trær)
- Middels verdi (Naturtype Parklandskap)



1:5000 på A4. Økologiskegrunnnkart.artsdatabanken.no , Miljødirektoratet.

*Hole eiker er eiketre som har ein diameter på minst 63cm, tilsvarande omkrins på 200cm, samt eiketre som er synleg hole med ein diameter på minst 30 cm, tilsvarande omkrins på minst 95cm. Målt i brysthøgde (1,3m) over bakken. Synleg hole definerast til å være eiketrær med eit indre holrom som er større enn opninga og det opninga er større enn 5cm². Unntatt er hole eiker i produktiv skog.


Ladestasjoner ⚡

Skånevik Sentrum har to registrerte elbil-ladestasjoner til offentlig bruk (rødt). Desse laderane er sakteladerar (20 timar) og står ved innkøyrsla til Doktorhagen.

Skyss, kollektivtilbodet i Vestland fylke, har ein eigen ladestasjon for deira elektriske bussar.

Behovet for hurtigladerar er stort, særleg på sommarstid med mykje trafikk gjennom staden.

- Offentleg
- Privat: Skyss






Båthamner

Skånevik er prega av stor pågang av turisme på sommarstid som resulterer i at behovet for båthamner og ledige båtplassar er stort.

I dag er det tre hamner som er opne for gjesteparkering: Skånevik Gjestehamn, Krambua Gjestehamn og nokre plassar ved Skånevik Båtforeining ute på Leknestangen.

Grunna stor pågang er det etterspurt fleire plassar og ein eventuell utbygging av eksisterande gjestehamner for å romma fleire båtar i høgsesongen.

- Privat/Utleige
- Gjestehamn



© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, MetriX Mapbox © OpenStreetMap

1:5000 på A3



OTEL

Sommarstaden Skånevik


Sommaren er høgsesong for å besøkja Skånevik. Sommaridyll, vakre omgjevnader og roleg atmosfære er noko av det som drar besøkjande til bygda. Staden har mykje å by på med blant anna arrangement som Bluesfestivalen og Pippifestivalen, badeplassar, turmoglegheita, fiske og vakker natur.

I valkrinsen Skånevik er det registrert i underkant av 400 fritidsbustader og heilårsbustader nytta som fritidsbustader. For ein tettstad på rundt 550 busette merkar dei lokale ein høgsesong av besøkjande og trafikk gjennom staden sommarstid.

Om sommaren blir Skånevik sentrum ein stad full av liv, med menneskjer som kjem og går, nyttar seg av ulike badeplassar, bakeriet, butikkar, Sjøkanten trivsel, leike- og aktivitetsanlegg og mykje meir. Etterspurnaden for næringa vert stor og dei økonomiske inntektene går opp.

På vinterhalvåret blir bygda stille att. Service- og handelsstanden må klare å gå i null med sal og inntekter frå lokalbefolkninga åleine. Også i haust-, vinter- og påskeferien får staden ein midlertidig kjensle av auka befolkning.

Skånevik har blitt ein stad som vert påverka av og kjenner på tilstrøyminga av «hyttefolket». Det er trong for auka attraktivitet på vinterhalvåret, for å jamna ut turismen og besøkjande over kalenderåret. På denne måten også sikre meir økonomisk stabilitet til bygda.





SOSIALE MØTEPLASSAR OG FRILUFTSOMRÅDE



Aktiviteter og tilbud

Skånevik har ei rekkje tilbud og aktiviteter for lokalbefolkninga og besøkjande som driv og styrkar det sosiale miljøet.

- Idrettshall, styrkerom og ei rekke idrettslag
- Sjøkanten trivsel utandørs badebasseng
- Skyttarlag
- Speidarlag
- House of blues
- Discgolfbane
- Villmarksleiren v/Skånevik naturoppleving
- Norsk motormuseum
- Skånevik fjordhotell
- Skatepark
- Festivalar: Bluesfestivalen og Pippifestivalen
- Julemarknad
- Kunstgrasbane



Lokal matvarehandel



Sjøkanten Trivsel Badebasseng



Skånevik Fjordhotel



Leikeplassar



Dei fleste leikeplassane i Skånevik Sentrum heng saman med den sosiale infrastrukturen og finner stad ved Skånevik skule, barnehage og ved legesenteret. Leikeplassane er i kommunal eige.

I nyare tid har ein skatepark kome til og har blitt ein attraktiv opphaldsstad for barn i alle aldrar.

Dei tradisjonelle leikeplassane har gjennomgått ein fornying dei siste 5-10 åra, medan det er trøng for regelmessig vedlikehald.

Bruken verkar relatert til, men ikkje avgrensa til, skulebarn og barnehagebarn.

-  Tradisjonelle leikeplassar
-  Naturbasert leikeplass
-  Skatepark



1:5000 på A3

Kart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap



Ligrend

To benkar og to reiler.

Treng vedlikehold.



Skånevik Skule

Klatretau, benkar, ballbinge, liten gunstgrasbane og reiler.

Blir aktuelt oppgradert med nye klatrestativ og balansestokkar.

Under oppgradering.



Barnehageskogen

Naturbasert leikeplass

Med grillhytta, fotballmål, klatretau, reile og benkar.

God stand.




Doktorhagen

Reiler, rutsjebane, leikehus, takoverbygg og benkar.

Middels stand. Treng vedlikehold.

Influensområde utanfor planområdet



I utkanten av Skånevik Sentrum ligg fleire frilufts- og rekreasjonsstader. Områda ligg utanfor planområdet, men påverkar likevel det heilskaplege synet på staden sitt moglegheitsrom og kvalitetar, samt tilgjengele for brukarane.

Hagavik badeplass Skjerma badeplass.

Skånevik Discgolf

Opna i 2023. Ein 18-hullsbane med variasjon i avstandar frå 58-217 meter. Bygd på dugnad, støtte frå Ildsjelfondet, lokale sponsorar og Sparebanken Norge for oppgraderingsmidlar. Populær stad for menneskjer i alle aldrar.

Kjærlighetsstien

Godt brukt turområde for rekreasjon og helsefremmande aktivitet. Stien fører vidare opp mot Postbrua der postvegen over til Etne byrjar.

Villmarksleiren Skånevik Naturoppleving.

Utsikt over bygda med ulike lagaktivitetar og bålstad.

-  Hagavik Badeplass
-  Skånevik Discgolf
-  Kjærlighetsstien
-  Villmarksleiren

Medverknad og meiningssdeling

Det var halde ein Idéverkstad ved Skånevik Fjordhotell (27. mars 2025) for å få fram tankane og idéane lokalbefolkninga har rundt utvikling av Skånevik sentrum.

Her vart det reflektert rundt tema som demografiske endringar og diskutert korleis ein kan gjera bygda meir attraktiv for den yngre befolkninga. Idéverkstaden la også til grunne for å si sin meining rundt korleis bygda skal utviklast, kva som bør vektleggast med tanke på bustad, rekreasjonsområde og gode møteplassar.

Idéverkstaden gav gode innsyn i ofte brukte snarveg, brukte grøntareal og område som ses på som viktige for de lokale. Slik informasjon kan være med på å styrke kvaliteten på forståinga for korleis folk beveger seg og kor dei oppheld seg. Dette kan være viktig i styringa av dei allereie eksisterande møteplassane i bygda.



Presentasjon idéverkstad



Tildelt kart for planavgrensing

Dalheim

Bør utviklast del eit flott område for rekreasjon del store og små

- Park
 - Kolonihage/felles hageprosjekt
 - Uteskule
 - Frukst og bør del glede for alle
 - Teater
 - Minigolf
 - Hengsløyser for avslapping og overnatting.
- } God plass del flotte aktivitetar og kultur-innslag

Småhusbebyggelsen

- IVARETA gata, samme type småhus/arkitektur
- IKKE FUNKIS i sentrum
 - Tenk på koffer du vil reise til Roma, Paris, Gdansk? Klartisk arkitektur! Gamlebyar, det er forska på at slik arkitektur gjer ein meir lykkelig





Medverknad

Oppgave frå idéverkstaden

Identifiser på kartet

Det er fleire markeringar som går att av omsyn til rekreasjonsområde og snarvegar og det dei lokale ser på som viktige område.

Særleg område som Dalheim, Hokkelhaug og Peparen var område som lokalbefolkninga såg på som viktige og som område man kan utviklast: da særleg Dalheim og Hokkelhaug. Hokkelshaug er kommunalt eigd og er aktuelt regulert som idrettsområde prega av skog. Dalheim er eit område som aktuelt står veldig urørt, og er eit område som også vart etterspurt utvikling ved i 2011 i samband med tidlegare stadanalyse. Dalheim er privateigd.



- Viktige snarvegar
- Eksisterande og potensielt nye møteplassar
- Viktige område for friluftsliv, strandsone og skogsområde
- Andre viktige område
- Farlege vegkryss/strekningar

Viktige snarvegar

Den visuelle framstillinga er ein samansetning av dei mest gjentakande snarvegane oppgitt i Idéverkstaden, som viser at folk brukar snarvegar kring tre oppgitte område som kan bli viktige for rekreasjon og friluft. Dette kan legge til rette for ein meir naturleg bruk av områda, sidan ein passerer og ser områda ofte.

Det tydar også på at dette kan være område som er viktige for brukarane, på bakgrunn av praktiske årsaker, naturkvalitetar og kjente nærturterreng. For vidare utvikling og planlegging er det viktig å ha ein forståing for kvar menneskje beveger seg og kva for vegar som er viktige for framkomst, men også som framkommelege vegar for rekreasjon og helsefremmande aktivitetar. Dette tas med vidare til kommande framstilling av moglegheitene for utvikling i desse områda.

☀ Moglege rekreasjonsområda som folk ofte passerar som snarveg: Hokkelshaug, Dalheim og Eikehaugen.



Samansetjing av innspel

Utvikling:

-Ynskje om utvikling av Dalheim som område for rekreasjon og friluft og helsefremmande område. I samsvar med ønskjer frå stadanalyse av 2011.


-Ynskje om utvikling av kaiområdet for meir næring og sosiale møteplassar: hamnepromenade.

Viktige møteplassar med tanke på rekreasjon:

-Peparen, Doktorhagen, Bensinstasjonen på kaien, Barnehageskogen, Hokkelshaug, Idrettsanlegg, Barneskulen, Sjøkanten Trivsel og Eikehaugen.

-Ynskje om å vidareutvikle Dalheim og Hokkelshaug og leggja til rette for bruk som en arena for sosialt og helsefremmande samspel. Til dømes med gapahuk og grillplass ved Hokkelshaug.

Medverkingsøkta synleggjer eksisterande tankar og ønskjer for framdrift og styrkar dermed deira viktigheit og behov i arbeidet framover.



Vidareutvikla for frilufsrelatert bruk

Utvikla kaiområdet for meir næring og sosialt samhald

Mogleggjere område for frilufsrelatert og sosialt bruk

1:5000 på A3 Kartlagt frilufsområde. Naturbase kart. Miljødepartementet (2025)


Visualisering: kvar er områda for Friluftsliv og rekreasjon



Peparen



Doktorhagen



Eikehaugen



Barnehageskogen



Hokkelshaug



Dalheim



Utviklingspotensial



Utviklingspotensial

Dei gode møteplassane

Kva kjenneteiknar den gode møteplassen? Kvar møtast folk for sosialt samspel i Skånevik Sentrum?

Idéverkstaden la også til grunn for ein startande forståing for kvar dei gode møteplassane er og kva som kjenneteiknar dei.

Stadar som House og Blues, Larsen, Krambua, Spar, Doktorhagen, Peparen og Sjøkanten trivsel er møteplassar som lokalbefolkninga har framheva som viktige. Alle aldersgrupper var til stede.

Ein god møteplass kan vera grunnleggjande for sosialt samspel, trivsel, psykisk helse og være med på å auka bulysta og attraktiviteten til staden.

Eit av måla i Områdeplanen (2025) er å *legge til rette for aktivitet og møteplassar for alle aldersgrupper*. For at det skal vera ein fin stad å leva for alle innbyggjarar trengs det å tas omsyn til at det er ulike tilbod som treff dei ulike aldersgruppene. Barn, ungdommar, unge vaksne, middelaldrande og eldre. Særleg tilbod til eldre må tas omsyn til slik at dei blir sikra gode tilgangar til ulike arena i nærområdet som kan dekkja deira behov.

• Samlestadar i sentrum

DEN GODE MØTEPLASSEN

3 MEST BRUKTE: LARSEN, KRAMBUA, SPAR

KVA KJENNETEIKNER EIN GOD MØTEPLASS:

- lett tilgjengeleg
- Nærhet til sanitæranlegg /survering
- Hyggelig atmosfære
- Fin natur /omgivelsar

Den gode møteplassen

- plass til mange
 - Under tak
 - Lys
 - Samlingsplass for ungdom
 - Møtestad for eldre.
- sport / musikk spel

Innspel frå idéverkstaden



House of Blues



Krambua

• sosiale møteplassar, som Hob, krambua, larsen.

Ny undersøking: Kva gjer ein møteplass bra?

På bakgrunn av den byrjande forståinga for dei gode møteplassane vart det utarbeidd ein ny undersøking i anledning ny stadanalyse med hovudspørsmålet: Kva gjer ein møteplass bra?

Brukarundersøking er ein digital undersøking som har som føremål å gi meir innsyn i kvar dei gode møteplassane er og kva som gjer dei bra. Ved å plassere ut fleire QR-koder rundt om i Skånevik Sentrum og friluftområde er ynskjet om at folk i ulike aldersgrupper skal få dele sine tankar og innsyn i kva som kan forbetrast og endrast. Undersøkinga kan også gi kunnskap om korleis ulike aldersgrupper brukar eksisterande møteplassar og om de føler dei er tilstrekkelege for sosialt samvær og aktivitet.

Brukarundersøkinga tar for seg ulike forgreiningar basert på busetting og besøkjande og eksisterande kjennskap til dei ulike møteplassane. Dette for å sikra at flest mogleg kan dela sine tankar og gi breiare forståing rundt korleis møteplassane inviterer ulike menneskjer.

Betre kunnskap og forståing for kvar menneskjer opphalde seg kan hjelpa med å leggja til rette og utvikla område som allereie sjås som vektige for kulturmiljøet.

Dette kan også ses i samanheng med eit av delmåla i Planprogram for Områdeplanen for Skånevik (2025) der målet er å: Å utvikle eit sentrum som opprettheld god kontakt med natur- og kulturlandskapet rundt.

Ved å styrke allereie eksisterande møteplassar og etablerer gode tilgangar til fleire friluftområde kan det heiltalege tilbodet løftast. Som vidare påverkar den generelle attraktiviteten og bulysta i Skånevik.



Dei gode møteplassane i Skånevik
Bruk 2 minutt på å dela dine
tankar!



Fysiske QR-kodar rundt om i Skånevik



Forside for brukarundersøkinga

Data frå undersøkinga

Undersøkinga var aktiv over ein periode på 25 dagar med samla svarmengd på 36 svar. Både lokale og besøkjande gav gode og detaljerte innspel til forbetring, både angående arealbruk men også relatert til samfunnsutvikling. Presentert er eit utval av spørsmåla.

Nesten alle aldersgrupper deltok i spørjeundersøkinga, med fråvær på svar frå deltakarar i alderen 20-25 år. Dette kan tenkast at detta kan vera grunna fråflytting for å studera eller andre arbeidsmoglegheiter.


Mesteparten av svara kom frå lokalbefolkninga, på heile 72%. De besøkjande var i Skånevik grunna ulike anledningar, og alle hadde besøkt Skånevik før.

Fleire møteplassar gjekk att hos mange og det som gjorde desse møtestadane bra var blant anna tilgjengelegheit, det sosiale rundt, plasseringa i sentrum, nærleik til tenesteyting og handel, og fine omgivadar.

Ved spørsmålet om det fantast ein stad for deira aldersgruppe svarte èin person i 16-19 års og 35-50 års alderen nei. Ein stad for å møtast var etterspurt.

n = svarmengde per spørsmål

Føler du at det finnst ein stad der din aldersgruppe kan opphalda seg?




n:33

Aldersfordeling



n:36

Bur du i Skånevik?



n:36

Dersom nei, kva er føremål med dagens besøk i Skånevik?



n:10

Møteplassar


Ut ifrå undersøkinga kjem det fram at natur/friluftsområda som ein møteplass er høgast rangert med 24% av alle svara, etterfølgd av kaféar og utestadar på 20%.

Det som vart rangert som dei viktigaste faktorane for ein god møteplass er at områda legg til rette for sosialt samspel, etterfølgd av fine omgivnader. Tilgjengelegheita spelar også ei stor rolle.

Desse svara gir gode innblikk i kva lokale og besøkjande verdsett og kva som kan være gunstig å prioritere når nye og eksisterande offentlege område skal utviklast. Dette sett i samspel med stadene sine eksisterande kvalitetar og potensial.




Kva for nokre typar møteplassar føretrekkjer du? (Vel 3)




n:36

Kva meiner du er viktigast med ein god møteplass? (Ranger der øvst vert rangert høgast)



n:36

I kva grad følar du at dei ulike møteplassane legg opp til sosialt samspel og aktivitet?



Eksisterande møteplassar

Eit av dei mest informative spørsmåla i undersøkinga var kring i kva for ein grad dei ulike eksisterande møteplassane la til rette for sosialt samspel og aktivitet.

Grafen gir eit tydeleg bilete på kvar både lokale og besøkjande ser moglegheiter for å vera saman med andre.

Dei tre områda som skilte seg mest ut var dei som hovudsakeleg vart sett på som «dårlege» eller «svært dårlege», desse Dalheim, Eikehaugen og Hokkelshaug. Desse områda er per i dag områda med mykje grøntareal og friluft. Dei har vore foreslått som møtestadar med mykje utviklingspotensial under fleire medverkingsmøter. Lite inngrep har vært gjort her med tanke på tilrettelegging, utvikling og styrking.

Svara frå undersøkinga samspejar med tidlegare ynskje og innspel frå lokalbefolkninga med tanke på utvikling av natur og friluftsområda og sosiale møterom.



Dei beste møteplassane- kvar lokale og besøkjande opphalde seg



Peparen




Skånevik Discgolf



Kunstgrasbanen



Skateparken



Markeringar basert på svar frå undersøkinga sommaren 2025



Larsen Bakeri



Doktorhagen



Sentrumsområdet



Ballbinga og Sjøkanten trivsel




BUSTADUTBYGGING

Utsikt frå Peparen mot Skåno (2025)


Demografiske endringar og befolkningsnedgang

Befolkninga i kommunen forventast til å fortsette å synke i årene som kjem. Raten av tilflyttande forventast heller ikkje til å stige signifikant. Dette peiker på et behov for å gjera stader som Skånevik meir attraktiv å flytta til, samt skapa eit miljø og stad som dekker behova til dei eksisterande innbyggjarane slik at dei ynskjer å bli buande. Behovet for nye bustader er ein av de viktigaste faktorane for at det skal være mogleg å busetja seg i Skånevik. Attraktive bustader på fleire etasjar som kan passa **barnefamiljar** og låghus og universelt utforma bustader som kan passa fleire målgrupper.

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Etne, Hovedalternativet (MMMM).



Statistisk sentralbyrå (2025)



Ein anna utfordring som kommunen står ovanfor er ein aukande prosentdel eldre befolkning som kjem til å skapa andre behov og tilretteleggingar i framtida. Derfor blir det enda viktigare å skapa tilgjengelege bustader for eldre, samt sikra gode tilgangar til offentlege funksjoner og handel slik at dei eldste kan ha moglegheita til å være sjølvstendige og inkluderte borgarar lengst mogleg.




Bustadbehov og fortetting

Bustadsosial plan skildrar Etne kommune sitt arbeid mot 2030 for å sikra fleire bustader for barnefamiliar med låg inntekt, innbyggjarar med nedsett funksjonsevne som bur med foreldre og eldre som bur aleine med avstand frå tenestetilbod.


Planen nemnar sosial berekraft og behovet for tilrettelegging av sentrumsnære bustader for blant anna eldre, slik at dei er sikra gode tilgangar til tilbod og sosiale arenaer. I dag ligg omsorgsheimen og fleire lågbustader med universal utforming utanfor sjølve kjernen av Skånevik. Dette skapar eit sprik mellom tilgjengelegheita og behovet for køyretøy for å koma seg dit ein vil. For den eldre befolkninga kan dette skapa forskjellen på å vera aktivt deltakande i nærmiljøet og ikkje, samt moglegheitene for å vera sjølvstendig.

For å skapa rom for aldersvennlege bustader trengs det ein fortetting og utbygging i kjernen av sentrum, slik at eldre kan ta nytta av alle tilbod og moglegheiter som ligg tilgjengeleg i sentrumsområdet.

Delmålet 2.1 har tilhøyrande tiltak med å inngå avtalar med utbyggerar om å bygge aldersvennlege bustader på kommunale tomter/private. Presentert nedanfor (venstre) er eit forslag for kvar ein kan fortetta med nye aldersvennlege bustader og bustader tilrettelagt for nedsett funksjonsevne. Kommunen eig ein del av desse areala (høgre bilde). I dag eigast fleire av bustadane mellom kaien og Doktorhagen av menneskjer folkeregistrert til andre kommunar og desse bustadane står tomme store delar av året. Dette påverkar «tomheitskjensla» i sentrumsområdet.



Forslag fortetting




Kommunal eige
1: 2000 på A3

Bustadsosial plan (2024-2030)

Hovudmål 2: Sosial berekraft- leige skal vera eit trygt og godt alternativ

Delmål 2.1

Fleire eldre +70 år skal bu i nærleiken av sentrum med dei tilbod som ein kan nytte seg av der



Eining Helse og omsorg

Ein kjensle av tomheit

Ved ein analyse av typen bustader i sentrumsområdet kjem det fram at store mengder bustader er fritidsbustader eller bygg registrert på eigarar med folkeregistrert adresse utanfor Skånevik.

Etne Kommune har ikkje buplikt, som vil kunne bety at fleire av bygga nyttast som fritidsbustad utan at dette er registrert.

Kjensla av ein tomheit i sentrumsområdet kan skyldast mangelen på fastbuande i kjernen av Skånevik, og dette kan skapa den tydelege framveksten av menneskjer på sommarstid.

Skånevik sentrum treng liv og fast busetnad for at bygda skal kjennast levande. Ein sentrumsfortetting og bustadutbygging kan styrka dette og føra til ein oppblomstring i sentrumsområdet.




© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

Kjernen av Skånevik sentrum 1:1500 på A3

- Bygningar registrert som fritidsbustad
- Bygningar registrert som bustad, eigd av menneskjer med folkeregistrert adresse utanfor Skånevik
- Tomme lokalar

Bygge i høgda?



I 2012 vart det utført ein moglegheitsstudie av Asplan Viak for Skånevik for blant anna kvar nye bustader kunne tenkjast å byggast. Desse med tanke på høgde og mengde: rekkehus og fleire etasjar. Slik illustrasjonen tydar var det rom for nye bustader i øvre del av Dalheim. Lågblokkar som kunne gi plass for totalt 16 einingar.

I tillegg til detta la moglegheitsstudien fram ein moglegheit for utbygging av «Elvebustader», mellom utløpet av dei to elvane i sentrum. Føresetnaden for ein slik moglegheit var dersom den eksisterande bedrifta Johansen rør val å flytta vekk frå sentrum. Her såg ein då moglegheita for 20 einingar, med parkering og fellesrom.

Utbygging langs elvane krev likevel ein rekke undersøkingar og sikkerheitstiltak grunna ustabile massar og flaumproblematikk.

Begge moglegheitene legg til rette for lett framkommelegheit og tilgang til sentrum, egna for alle aldrar. «Elvebustadane» legg særleg til rette for bustader for eldre og for menneskje med nedsett funksjonsevne grunna det flate terrenget på høgde med resten av sentrum.



Asplan Viak. Mulighetsstudie Skånevik Sentrum (2012)

Høgdeskilnader


Kjernen av Skånevik Sentrum (lyseblå) står fram som relativt flatt med høgdeskilnader mellom 1-5 meter.

Illustrasjonen legg til rette for innsyn i område der ein kan byggja i høgda. Slik kan ein minimera å stenga for utsyn for eksisterande bustader og næringsverksemd.

Det ligg i grunn eit ynskje frå lokalbefolkninga om å verna om og holda sentrum som ein låghusbustad, med bustader som ikkje skal passera 2 etasjar. Dette kjem frem på bakgrunn av tidlegare stadanalyse, medverkings- og idéverkstad.


Utfordringa med å finna riktig stad for å bygga nye bustader er ein aktiv problematikk, tatt i betraktning av at dei skal være sentrale, tilgjengelege og passande for menneskjer i alle aldrar. Særleg passande barnefamiliar som er målgruppa for ynskja tilflytting.

I det nye sentrumsforemålet er det opna opp for bygging opp mot 14,0 meter (4 etasjar) (krev reguleringsplan). Videre blir det presentert eit forlag for kvar ein ser moglegheiter for utbyggingar.



Høgdeauking mellom kvar høgdekurve: 5m

Høgdekurver markert på Norkart 1:5000 på A3



Moglegheiter



Moglegheit for
låghusbustader
1-3 etasjar


Moglegheit for å
bygga i høgda
3 og 4 etasjar
Presentert ved
moglegheitstudien til
Asplan Viak 2012)

Moglegheit for
låghusbustader,
transformasjon og
nybygg

Moglegheit for
låghusbustader
1-3 etasjar

Moglegheit for å
bygga i høgda
Herav 3 og 4 etasjar

Moglegheit for å
bygga i høgda
3 og 4 etasjar
Øvre delar av Dalheim
også presentert ved
moglegheitstudien til
Asplan Viak 2012




1:5000 på A3

Reelle moglegheiter

Samanliknar ein moglegheitene med eigendomar eigd av kommunen ser ein at kun eit fåtal er i kommunalt eige. Ein utbygging av Dalheim og nedre delar av barnehageskogen for bustader med fleire etasjar vil da krevje meir, utan ein garanti for at ein slik utbygging vil bli mogleg. Ein transformasjon og nybygging av leilegheiter på kaien, lågblokkar bak delar av Prestegarden og låghus på øvre sida av barnehageskogen er meir reelle moglegheiter for utbygg av nybygg nær kjernen av sentrum.



Etne Kommune
som grunneigar



1:5000 på A3

Soneinndeling

Presentert er eit forslag til mogleg soneinndeling med fokus på småhusbustader og lågblokkar. Føremålet er å bevare kjensla av at Skånevik Sentrum er ein tettstad prega av låge trehus som ein del av bygda si identitet og sjarm. Inndelinga tar utgangspunkt i fylkesvegen som fører ein gjennom sentrum. Det er her det er sterkast resterande preg frå fortida som trengs å bevarast. Potensielle nybygg i nærleiken må haldast på lik høgde for å ikkje øydelegge det heilskaplege uttrykket småhus skapar.

Utbygging av lågblokkar på meir enn 3 etasjar (3-4) kan utviklast utanfor kjerna, tatt i betraktning kommande reguleringsplan og premisser for å bygge i høgda med tanke på naboar, utsyn og soltilhøve. Delar av kaien kan ha potensial for lågblokkar grunna området eksisterande høge bygg og utsikt mot fjorden. To eksisterande hus ved Skålnes blir også betrakta som lysegrøn sone.



-  Småhus, frittliggande
-  Moglegheit for meir konsentrert utbygging lågblokkar (3-4 etasjar)

Vedlikehald av den kvite trehusrekka



Den kvite trehusrekka og dei gamle kulturhistoriske bygga pregar identiteten og kjensla til Skånevik. Ein foreslått soneinndeling langs fylkesvegen kan sikra ein bevaring av identiteten av låghusbustader og den generelle kjensla av ein historieprega fortid.

Parallelt med dette aukar behovet for vedlikehald og reperasjonar betrakteleg, og fleire av dei gamle bygga visar aktuelt store teikn til behov for slik investering. Bevaring av trehusbusetnaden i sentrumsområdet er ein av dei viktigaste faktorane for at Skånevik skal fortsetja å vera ein stad som speglar sin rike handelsfortid og bevare sin kjente sjarm.

For at kvaliteten og opplevinga av sentrumsområdet skal oppretthaldast trengst det vedlikehald frå offentlege og private aktørar. Dei fleste bygga er i privat eige, som skapar ein føresetnad om at eigarane må vere villige og aktive i vedlikehaldet, på vegne av bygda sine innbyggjarar. Bevaring av trehusrekkene er eit av hjertesakene for innbyggjarane i dag.




Ein del av den større heilskapen

På bakgrunn av stadanalysen i 2011 var eit av grepa i moglegheitsstudien til Asplan Viak (2012) ein scenarioutviklinga av «Fjordlandsbyen». Ein samanhengande promenade som følg fjorden og skape forbindelsar mellom Peparen og området nedanfor Hermetikkfabrikken.

Sjølv om denne moglegheitsstudien er frå 2012, ligg det framleis eit ynskje om utvikling av ein sjøpromenade som skapar ein samanhengande gangveg for gåande, og som kan legga til rette for ein kvalitetsaukning langs kaien.

Området i dag pregast av gamle bygningar før ein kjem til House of Blues, som trekker mykje oppmerksomd heile året. Øvste illustrasjonen visar korleis den nye promenaden kunne ha heva kvaliteten og romfølelsen av uteområdet også utanfor House of Blues. Ein slik utvikling kan skapa liv for nye bedrifter eller næring langs promenaden og auka attraktiviteten og den naturlege flyten gjennom området.

Ei av føresegna i det nye sentrumsforemålet for Skånevik Sentrum i kommuneplanen sin arealdel 2023-2030, seier at det skal leggjast til rette for etablering av samanhengande fjordpromenade langs sjø. Dette betyr at ein framtidig utvikling og utbygging slik som Asplan Viak har illustrert kan bli mogleg dersom den nye reguleringsplanen tar dette i betraktning. Fleire av bygningane langs kaien er i dag privateigd, dette må tas i betraktning dersom områdene skal kvalitetshevast på privateigd eigedom slik som øvste og nedste illustrasjon presenterer.





UTVIKLINGSPOTENSIALE

Område med særleg fokus

- Generelle innspel
- Miljøgate
- Sentrumsfortetting
- Områdeutvikling
 - Dalheim - fleirbruksområde
 - Hokkelshaug - friluftsområde
 - Prestavegen - fleirbruksområde
- Oppsummering



Generelle innspel

På bakgrunn av undersøkinga sommaren 2025 er det presentert dei mest etterspurde grepa for kvalitetsheving og utvikling i Skånevik Sentrum av menneskjer som oppheld seg i området. Dette er utviklingar som krev ulik grad av investeringar og tiltaksgrad.

- **Vedlikehald**



Eit stort ynskje og innspel frå lokalbefolkninga var regelmessig vedlikehald og kvalitetsheving av eksisterande område.

- Betre vedlikehald og fornying av utstyr ved leikeplassar, til dømes i Doktorhagen og oppe ved Ligrend.
- Vedlikehald, tilgang til toalett, reinhald og tilføyning av nye sittebenkar på Peparen
- Oppgradera slitte benkar i sentrum til aldersvennlege sittebenkar

- **Møtestadar**

Ein stor del innspel retta seg mot tilgjengelegheit og mangelen på offentlege rom.

- Etterspurt fleire stadar å setja seg ned ved
- Etterspurt fleire offentlege område å opphalde seg på, uavhengig av arrangement.
- Ønskje om ein park og meir grøntareal
- Meir aldersvennlege tilgangar til grøntareal





Miljøgate

Skånevik sentrum frå og med bensinstasjonen til omsorgsheimen manglar fortau for mjuke trafikantar. Det har lenge vært etterspurt ei miljøgate for å fremme tryggleiken til fotgjengerande.

Ei miljøgate har som føremål å skapa eit samspel mellom mjuke og harde trafikantar, der man tar vare på og legg til rette for at mjuke trafikantar skal føle deg trygge og sett blant dei køyrande. Dette med forhøgning av fortau med kantstein, og ved å skapa tydeleg avgrensing og markering mellom køyrefelt og gangfelt. Ei miljøgate kan føre med seg auka trafikksikkerheit, senke farten til dei køyrande og skapa tryggare avkøyrslar.

Å vera mjuk trafikkant i dag pregast av smale vegar, som krev at ein går til sida og stoppar for lastebilar og større køyretøy. Dette stoppar ikkje lokale og besøkjande frå å bruka vegen sidan det er raskaste vegen mellom kjernen av sentrum til Larsen bakeri, Gjestgjevargarden, kyrkja og omsorgsheimen. Barn blir råda til å gå rundt kyrkja via privat snarveg. I dag er delar av strekninga ei 30-sone, men det hendar ofte at farta er høgare. Særleg ved ferjetidene førekomme det mykje trafikk der trafikken kan stoppa opp grunna smale gjennomkøyrslar, breie køyretøy og forgjengarar på same tid.

Utarbeidinga av ei miljøgate er no eit forprosjekt hjå *Vestland Fylkeskommune*, som per dags dato har gjennomført synfaring og begynt arbeidet med å kartlegga moglegheitene ein har. Forprosjektet presenterte fleire løysningar som er avhengige av løyve til fråvik frå normalane, for at ei miljøgate skal kunne realiserast med dagens vilkår og tronge gaterom. Denne prosessen er pågåande.



Møte med lastebil ved Trehusrekka



Frå aktuell status for Forprosjekt Skånevik

Sentrumsfortetting

«Ein må halda liv i sentrumsområdet»


-Innbyggjar i Skånevik

Framtida peikar mot auka prosentdel eldre, fråflytting og færre fødde barn. Skånevik pregast i dag av stor del fritidsbustader og besøkjande på sommarstid, men resten av året kan sentrumsområde kjennast tomt.

Det er vil i framtida vere behov for fleire aldersvennlege bustader, som skal være tilgjengelege, universelt utforma og sentrumsnære. Dette behovet kan sjås i samanheng med behovet for ein sentrumsfortetting for å halda liv i sentrumsområdet. Ein fortetting slik det er illustrert med rødt (høgre), kan sikra bustader som legg til rette for lengre sjølvstende for eldre, lett tilgjengelegheit til næring og tenesteyting og gjer området meir naturleg å opphalda seg i.

Ei sentrumsfortetting kan auka kvaliteten på sentrumsområdet, særleg området ved kaien. Aktuell er dette området i dårleg stand og manglar sjarm, bortsedd frå House of Blues som aktivt drivast året rundt.

Store delar av dei potensielle områda pregast i dag av industri og lager, tomme bygg og nedlagte lokalar. Alle eksisterande bygg ligg i dei mest sentrale og attraktive stadane i sentrum, med utsikt over fjorden og korte avstandar. Potensialet for å byggja attraktive bustader er stort, for eldre, men også for barnefamiliar og potensielle tilflyttarar. Ein utbygging av attraktive og flotte bustader kan auke bygdas generelle attraktivitet og utsjånad. Samt kjensla av at Skånevik Sentrum florerer og vil fortsetja å florera fram i tid.



Liv i sentrum (Sommar 2025)





«Gamle slaktehus»

Privat eigd
Til sals, dårleg stand
Moglegheit for nybygg med
inntil 3 etasjar.



«Delta»

Privat eigd, står tomt
Moglegheit for transformasjon.



Johansen Rør lager

Privat eigd
Moglegheit for fleire nybygg



«Fjordkroa»

Delvis kommunalt eigd
Moglegheit for transformasjon eller nybygg
inntil 3 etasjar.



Johansen Rør lager

Delar av tomta eigd av Etne Kommune
Moglegheit for fleire nybygg



Illustrasjon: Sentrumsfortetting ved kaien med felles uttrykk

Ein felles sjøfront

Ein transformasjon og nybygging langs kaien kan opne opp for ein samanhengande og vakker sjøfront.

Skåneviks velkjente særpreg og kulturarv med kvite trehus speglast dårlegare langs fjorden enn den gjer langs vegen.

Ved ein potensiell utbygging er det viktig med samspel og harmoni, og eit passende uttrykk slik at heile fasaden vert samanhengande for besøkjande som kjem med fritidsbåt, hurtigbåt og ferja.



A photograph of a wooden observation platform built in a forest. The platform is made of dark wood and has a railing. A yellow kayak is leaning against the railing. The platform is situated on a hillside covered in green and yellow shrubs. In the background, there are many tall pine trees and a view of a valley with a river and buildings. The text "OMRÅDEUTVIKLING" is written in green capital letters in the upper right corner.

OMRÅDEUTVIKLING

Dalheim – fleirbruksområde



Dalheim er eit grøntområde som har ein rekkje kvalitetar med open mark, naturleg dam og rik vegetasjon.

Aktuelt område for slått, urørt grøntareal og snarvegar til Doktorhagen

Eige: Privat

Areal: 14,183 m²

Området kan leggje til rette for mangfaldig bruk som område for rekreasjon og friluft, samt ein attraktiv møteplass. Dette på bakgrunn av at området ligg ved sentrale snarvegar og i nærleiken av Doktorhagen.

Eit ynskje og håp om utvikling av Dalheim har vært aktivt fremma frå lokalmiljøet, der privat eige har avgrensa reelle og potensielle moglegheiter for dette. Likevel skal utviklingspotensialet i Dalheim utforskast for potensielt bruk i framtida.

Ut i frå brukarundersøkinga frå sommaren 2025 sa heile 51,1% at moglegheitene i Dalheim enten var svært dårleg eller svært dårleg for sosialt samspel og aktivitet. Dette tydar på at dagens område ikkje utnyttar sitt potensial, samtidig som at mange ønskja ein utvikling for området slik at ein kan utnytta området betre.

Utviklingspotensialet er utforska med omsyn til å skapa ein frilufts- og sosial arena. Ein naturleg møteplass.

Målet er å utnytte arealet til å skapa fleire bruksområda, som kan gi området kvalitetar som kan brukast året rundt.



Kategori	Prosent
Svært dårleg	21,3%
Dårlig	30,8%
Heilt ok	38,5%
Bra	7,7%




Naturleg dam



Rik vegetasjon



Open mark



Sentral snarveg

Dalheim ligg i kjernen av sentrum og er eit av dei få grøntområda som er sentralisert og urørt.

Området pregast av stort økologisk mangfald og vegetasjon.

Tilgangen til Dalheim er enkel og tilgjengeleg, som gir området enda meir verdi i moglegheita til å være tilgjengeleg for alle aldrar og funksjonsnivå.

Moglege soneinndelingar

- Multifunksjonelt område
 - Sesongbasert teltareal
 - Rom for organisert aktivitet, også bubilcamp
 - Moglegheit for arrangement
- Rekreasjon
 - Sitteplassar
 - Samlestad med tak
 - Felles kolonihagar
- Friluftsområde
 - Grøntareal
 - Stiar rundt dammen
- Kulturhistoriske spor
 - Spor frå tidlegare drivhus frå Jacob Bull-Tornøe si tid.



Illustrasjon: moglege soneinndeling

Forslag til utvikling

Illustrasjonen speglar ein visjon av ein vakker sommardag ved Dalheim camping. besøkjande har fylt opp campingområdet og det er aktivitet og latter gjennom heile sommaren.

Moglegheitene for utvikling ved Dalheim er mange, men det er grunneigar som avgjer kva som kan og vil skje med området. Ein positiv utvikling her kan på sikt styrka tilgangen til naturbaserte møteplassar nært sentrum og gi lokalbefolkninga tilgang til eit parkområde.



Illustrasjon «Dalheim camping»

Hokkelshaug

Friluftsområde

Område for rekreasjon og friluftrelaterte aktiviteter.

Lett tilgjengeleg grøntareal for bustadfeltet

Kommunalt eigd


Areal: 32,477 m²

Hokkelshaug er eit grøntområde som tilbyr rike moglegheita for friluftrelatert bruk. Området ligg i høgda som sikrar utsikt utover Skåneviksfjorden og Skånevik sentrum.

Området i dag omtalt som 38,5% dårleg eller svært dårleg, omtalt av deltakerande i undersøkinga gjennomført sommaren 2025.

Det har vært etterspurt ei utvikling og kvalitetsheving av området i lang tid, slik som vedlikehald, betre utforma sti, moglegheiter for sitteområde, gapahuk og offentlege bålpanner.

Området krev lav grad av økonomiske investeringar for å hevast betydeleg.



© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

1:1500 på A3



Innspel frå undersøkinga sommaren 2025

Svært dårleg 15,4% Dårlig 23,1% Heilt ok 46,2% Bra 15,4%



Utsikt utover
Skånevikfjorden



Frodig grøntareal



Tilrettelagt trappeoppgang
(Behov for vedlikehold)



Utsiktspunkt med liten terrasse
(Behov for vedlikehold)

Rike kvalitetar- Hokkelshaug

Forslag til tiltak

Vedlikehald av trapp

Vedlikehald av treplatting

Offentleg bålpanne med utsikt over
Skånevikfjorden

Gapahuk/bålhus

Sittebenkar

Få, men gode tiltak kan gi området det
lite ekstra for å skapa rike moglegheiter
for bruk og sosialt samspel.

Sitteplassar og takdekke kan gjera
området meir attraktivt for eldre og
barnefamiliar på tur.

Ein bålpanne kan gjera området til ein
stad man kan opphalda seg lengre og
potensielt gjer staden til ein populær
helgetur.



Illustrasjon «Nye Hokkelshaug»

Eikehaugen

-Fleirbruksområde

Kombinert område med kyrkje, gravlund, Prestegarden, Eikehaugen og sentral veg til Åsheim, Oppheim og Prestalia.

Moglegheit for å skapa eit fleirbruksområde

Kommunalt eigd

Området rundt kyrkja er i dag relativt opent, med landområda rundt Prestegarden som opnar opp for innsyn til kyrkja frå vegen.

Prestegarden vart i 2019 seld til privatpersonar og arealet tilhøyrande dette frådelt.

Området nedanfor og ovanfor Prestegarden kan utnyttast og utviklast etter ønskjer og behov.

I dag blir moglegheitene for sosialt samspel og aktivitet rangert hovudsakeleg som dårleg for Eikehaugen.




— Kommunale tomter



Omsynssone

Skånevik kyrkje er omfatta av fleire lovverk, inkludert kulturminnelova. Kyrkja sine omsynssoner skal haldast opne og regulerast av eit regionalt kulturminnemynde. Ei viktig omsynssone som skal haldast open er fri sikt til kyrkja medan man køyrer inn til kjernen av sentrum, omtrent der 30-sone skilta står. Dette sett premissar for korleis ein kan utnytte arealet nedanfor Prestegarden og nedanfor kyrkja. Ein framtidig utvikling må ta omsyn til desse avgrensingane.



1:1000 på A4

© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap


Omsynssone



Utviklingspotensiale



1:1500 på A4

	Veg i Reguleringsplanverk (1993)		Grøntareal		Tuftepark
	Eksisterande parkeringsplassar		Ny parkeringsplass		Gangveggar

Frå Reguleringsplanane frå 1993 ligg det tilrettelagt for ny veg mellom kyrkja og Gravhaugen som eit arkeologisk minne. Åsheimsvegen (markert med kryss) som kjem opp frå fylkesvegen bør stengast grunna farleg avkjørsel med dårleg sikt. Dette skapar behovet for ein ny veg til Åsheim.

I denne illustrasjonen er det presentert korleis ein utvikling med omsyn til den regulerde vegen kan sjå ut.

Arealet nedanfor Prestegarden kan få fleire funksjonar med parkeringsplass og ein tuftepark. Behovet for parkeringsplassar er stort og slik kan ein på same tid oppretthalde omsynssona til kyrkja.

Ein kan skapa ein meir tilrettelagt og tilgjengeleg sti til den allereie etablerte møteplassen ved Eikehaugen. Som i dag ikkje har ein tydeleg sti.

Tufteparkar er ein flott moglegheit for å leggja til rette for offentlege område som kan by til aktivitet og rørsle, særleg eldre. Derfor er det lagt inn eit forslag til ein forlenging av stien til omsorgsheimen, slik at ein sikrar god tilgang til natur og friluftsliv for også denne aldersgruppa.

Det heilskaplege forslaget kan leggja til rette for ein tydeleggjering av området kvalitatar og invitere til meir aktiv bruk. Samt skapa grønne møteplassar og område som kjennast naturlege å opphalda seg i og stansa ved. Enten det er for besøkjande, barnefamiliar eller eldre, så kan det nye området gi moglegheiter for sosialt samspel og aktivitet.



Illustrasjon: Nye Prestavegen parkering og tuftepark



Omsorgsheim

Eikehaugen

Tuftepark

Tilrettelagt sti

Gravhaug

Kyrkja



Aldersvenleg sti

Eikehaugen er eit fint grøntområde som ligg i gjevne høgdekurver. Turen bort frå parkeringa ved kyrkja er kort og vanskegraden for gjennomføring låg som gjer tilgjengelegheita god.

Aktuelt er det inga definert sti, før man kjem inn i tresona, kvar bruken har skapt eit eiga ned-tråkka parti.

Ein sti kan leggjast slik at det blir minst mogleg høgdeforskjellar, hardtdekket underlag og tilpassast mest mogleg allmenn bruk og bruk av rullator og barnevogner.


Ved å skapa ein overgang til andre sida av Eikehaugen kan man skape samband mellom Kyrkja og omsorgsheimen. Slik at ein kan gå gjennom grøntareal i staden for fylkesvegen, som i dag ligg utan fortau. Bebuarane ved omsorgsheimen vil då få direkte tilgang til grøntareal og friluftsområde.



Privat eigedom
Behov for oppkjøp



26 moh
18moh



Oppsummering – moglege grep



- Behalde og ivareta den kvite trehusrekka som speglar Skånevik sin identitet og kulturmiljø og innføra ei småhussone kring desse.
- Regulere tre område (Hokkelshaug, Dalheim og Nedre Prestelia) til friluftsområde og gjer grøntareal tilgjengeleg for offentleg bruk.
- Skape fleire tilrettelagte møteplassar prega av natur og friluft for alle aldrar, med sittebenkar, tuftepark, bålpanner og tilgjengelege stiar.
- Sikra gode vegar for skuleveg og snarveg, sentrale delar av dem er i privat eige.
- Moglegheit for sentrumsfortetting for økt liv i sentrum, aldersvennlege bustader og generell kvalitetsheving av kaiområdet.
- Utbygging av fjordpromenade og ein felles sjøfront som speglar Skånevik sin identitet.
- Behov for fortausutbygging og miljøgate gjennom sentrum.
- Moglegheit for utbygging av parkering ved innkøyrsla til Prestavegen.
- Utbygging av hurtigladerar for elbil som kan bidra til økt attraktivitet og tilgang til Skånevik.

	Siktlinjer		Viktige snarveg, skuleveg og tilgangar til friluft- og rekreasjonsområda		Bevare friluftsområde		Moglegheit for sentrumsfortetting med nybygg/transformasjon		Ny parkeringsplass
	Småhussone		PRIVATE snarveg, skuleveg og tilgangar til friluft- og rekreasjonsområda		Fjordpromenade		Moglegheit for bustadutbygging		Behov for fortau



Etne
kommune

